



Jobbnorge-ID: 151802

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Rådgjevar/seniorrådgjevar

SIU ønsker å styrke den juridiske kompetansen i organisasjonen, og søker ein allsidig og fleksibel jurist til ei nyoppretta og spanande 100 % stilling, frå 1.oktober 2018. Arbeidsstad er ved vårt hovudkontor i Bergen.

Arbeidsoppgåvene vil famne rådgjeving og sakshandsaming innanfor ei rekkje rettsområde, mellom anna generell/spesiell forvaltningsrett, generell/spesiell kontraktsrett, offentlig innkjøpsrett, personrett, arbeidsrett, skatte- og trygderett, immaterialrett m.m. I tillegg vil ein sentral del av arbeidet vere knytt til vidareutvikling av det rettslege ramme- og malverket som nyttast i verksemda, og å sikre personvern i verksemda (inkludert nye krav som følgje av implementering av den nye personvernforordninga (GDPR)). Den som vert tilsett vil samarbeide tett med verksemda sin andre jurist, sakshandsamarar og tilsette i administrasjonen, samt andre relevante aktørar innan norsk og utanlandsk utdanningssektor. Noko reiseverksemd må pårekast.

Krav til søkjar

- Juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap
- Arbeidserfaring innan eitt eller fleire rettsområder som er relevant for SIU
- Særs gode norsk- og engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg
- God digital kompetanse

Ønska tilleggskvalifikasjonar

- Kjennskap til norsk høgare utdanning og utdanningspolitikk
- God kjennskap til arbeids-, skatte-, trygde- og/eller utlendingsrett

Personlege eigenskapar

- Evne til sjølvstendig og systematisk arbeid
- Gode samarbeidsevner og evnar til relasjonsbygging
- Analytisk og løysningsorientert
- Målfokta og resultatorientert
- Tydeleg, tillitsvekkande og med gjennomslagskraft
- Evnar å framstå med integritet og fagleg autoritet
- Godt eigna og motivert for arbeidet og stillinga

SIU tilbyr eit uformelt, travelt og fagleg utfordrande miljø med høve til personleg og fagleg utvikling. Innhaldet i stillinga kan bli endra i takt med endringar i organisasjonen si oppgåveportefølje. Den som vert tilsett må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga. SIU har fleksibel arbeidstidsordning og er ei IA-verksemd.

Stillinga vert lønna som rådgjevar (kode 1434) eller seniorrådgjevar (kode 1364) innan lønsspenn kr 499 600 - kr 686 900, etter kvalifikasjonar. For sær godt kvalifiserte søkjarar kan høgre løn vurderast. Trekk til pensjonstilskot i Statens pensjonskasse er 2 %.

Arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i samfunnet og utnytte det samla kompetansepotensialet i befolkninga. Vi oppmodar difor kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning, arbeids- og livserfaring til å søkje jobb hjå oss.

Dersom søkjar vil reservere seg frå oppføring på offentlig søkerliste, må dette grunngjevast. Opplysningar om søkjar kan gjerast offentlig sjølv om søkjar har bede om konfidensiell behandling. Søkjaren vert varsla dersom ønske om reservasjon ikkje vert imøtekome, jf. offentliglova § 25.

Spørsmål om stillingane kan rettast til assisterande direktør Gro Tjore, tlf. 411 91 631. Vidare kan ein òg vende seg til personalsjef Tone Stiansen, tlf. 934 67 877, for generelle spørsmål om stillinga.

Søknad og komplett CV med oversyn over utdanning og tidlegare praksis, vedlagt skanna vitnemål og attestar skal leggjast inn via link på denne sida (Jobbnorge).

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: